

---

**Fra:** Karl Atle Taule <atle@ing-taule.no>  
**Sendt:** 27. februar 2017 08:30  
**Til:** Siril Therese Sylta; Postmottak Lindås  
**Kopi:** Eilin Houlison Molvik; tony-skar@hotmail.com; Jordal Arnljot  
**Emne:** SV: 17/4415 Svar på henvending vedrørende søknad om dispensasjon for oppstramming av avkjørsel - gbnr 172/197 Hopland  
**Vedlegg:** Avtaleforslag 201702.docx

Viser til e-post med vedlegg datert 9/2-17 vedkomande oppstramming av avkjørsel- gbnr 172/197.

I brevet som er lagt ved er det på første side skrive ein setning der det kan sjå ut som om de meiner at Ing. Taule AS har svart på e-post og limt inn kopi av avsnittet i e-posten det er tale om.  
Dette er feil. Ing. Taule AS har ikkje sendt denne e-posten de viser til og som skal være datert 12.januar -17.

Ing. Taule AS, er ansvarleg søker og har hjelpt ny(-e) eigar(-ar), Tony og Robert Skår Solheim, for å få godkjent avkjøring frå tomta. Avsnittet som er limt inn her må være skrive av dei, eller andre.  
I fortsetjinga av over nemnde avsnitt har de gjort greie for dei spørsmåla som er stilt der.

Det er så eit avsnitt som gjeld fakturert gebyr og spørsmål om vi (Ing. Taule AS?) meiner denne er sendt feil person eller om det er feil i gebyret. Til dette kan vi kun kommentere at det er eigar(-ane) av tomta som søker utvida bruk av avkjørsel som er rette mottakar. Korvidt gebyret er feil eller ikkje har vi ei meining om. I avsnittet under kartskissa på side 2 i brevet står det: *Då ein ikkje ville opparbeide avkjørsla i samsvar med gjeldande plankart, vart saka handsama som dispensasjon.*  
Årsaka til at avkjørselet ikkje kan opparbeidast i samsvar med reguleringskartet er at veg og fortau som kjem frå søraust opp bakken (ca frå profil 980 og opp i krysset) ikkje er opparbeida i samsvar med reguleringskartet. Slik vi ser det er det feil at tiltakshavar skal betale gebyr for dispensasjon når det ikkje er mulig å følgje reguleringskartet med årsak som nemnd over.

I avsnittet **informasjon** er det nemnd eit nytt møte med Statens vegvesen og ei ny (?) vurdering av avkjørsler der også krysset på andre sida av vegen skal vurderast.

Vi legg til informasjon ved utkast til avtale med Sv som dei har foreslått. Det er i denne tatt utgangspunkt i at Ing. Taule AS skal stå som byggherre for dette arbeidet og byggjer på den felles synfaringa som fann stad 20. september 2016 der Lindås kommune også var representert.

Vi skal ha ein gjennomgang med eigarane av 172/197 vedkomande avtalen og veit ikkje enno om denne må endrast/tilpassast mellom anna grunna kostnadene. (Ref. Vi er ansvarlig søker.)  
Avtaleforslaget frå Sv er lagt ved. Vi håpar Sv vil utvide ferdigstillingskravet dersom det viser seg at det vert nødvendig.

Med venleg helsing  
*Karl Atle Taule*



Kvassnesvegen 33, 5914 Isdalstø

Tlf: 56 35 85 55- Fax: 55 35 86 56

Mobil: 908 66 010 mail: [atle@ing-taule.no](mailto:atle@ing-taule.no)

---

**Fra:** Siril Therese Sylta [<mailto:SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no>]

**Sendt:** 23. februar 2017 09:15

**Kopi:** Karl Atle Taule <[atle@ing-taule.no](mailto:atle@ing-taule.no)>

**Emne:** 17/4415 Svar på henvending vedrørende søknad om dispensasjon for oppstramming av avkjørsel - gbnr 172/197 Hopland

Sjå vedlegg